

# Notat

Til: Sunnfjord kommune

Frå: Flataker Landskap på vegne av Dvergsdal & Sunde

Dato: 19. april 2021

Emne: **Detaljregulering B18 Gamle Vievegen, Trafikkvurdering**

---

## 1. Bakgrunn for saka

Ein er i oppstart av detaljregulering for bustadområdet B18 (del av gbnr 43/17) i arealdelen til Førde.

Etter innleiande møte med administrasjonen har det kome krav frå Teknisk drift om at "*det må ligge føre ei trafikkanalyse som viser at Gamle Vievegen har kapasitet til ei slik utbygging, og ei analyse av trafikktryggleik. Analysene må omfatte heile vegen frå avkøyring FV fram til utbyggingsområdet*".

I gjennomgang med Sissel Vedvik pr tlf 26.03.2021 forstår vi det slik at administrasjonen ønskjer å få identifisert kva utfordringar trafikkauken ved planlagd utbygging vil gje i høve etablerte bustader langs Gamle Vievegen og vurdere om det er trong for avbøtande tiltak.

## 2. Gamle Vievegen – dagens situasjon

Gamle Vievegen har to kryss mot fylkesvegen, slik at trafikken til bustadane i området fordeler seg på desse. Det er det søndre krysset som er aktuell som tilkomst til B18, og som blir fokusert på her. Like aust for krysset deler Gamle Vievegen seg i ei arm mot nord, og ei mot sør. Arma mot nord gir tilkomst til om lag 6 bustader, medan arma mot sør gir tilkomst til 32 bustader. Totalt gir krysset mot fylkesvegen tilkomst til om lag 38 bustader i dag.

Den delen av Gamle Vievegen som går fram til B18 er blindveg og har ei lengde på ca 225 meter frå fylkesvegen. Vegen er tilnærma flat, nokolunde bein, og har ei køyrebreidde på om lag 3,5 meter. Det er 8 avkøyrsløse frå Gamle Vievegen i det aktuelle strekket. I følgje vegdatabanken er fartsgrensa 30 km/t for nordre del og 50 km/t for søndre del av vegen. Det er avklart med Teknisk drift at vegen er å sjå på som 'Øvrig boliggate' etter N100 figur B14.

## 3. Gamle Vievegen – situasjon ved utbygging

Den planlagde utbygginga av B18 er vist i situasjonsplan Børtveit & Carlsen AS av 09.02.2021 (Vedlegg1). Ein legg opp til 1 einebustad og 6 punkthus, plasserte i tunform, totalt 19 bueiningar i planområdet. Bueiningane i punkthusa fordeler seg førebels slik: 11 stk 35 m<sup>2</sup>, 1 stk 42 m<sup>2</sup>, 2 stk 75 m<sup>2</sup>, 1 stk 85 m<sup>2</sup> og 3 stk 110 m<sup>2</sup>.

Området ligg i sone 2 og har i følgje kommunen si norm krav til om lag 20 biloppstillingsplassar ut frå fordelinga lagt til grunn i situasjonsplanen. Det er lagt opp til eiga avkøyrsløse til einebustaden i nord og felles avkøyrsløse til tunet for resterande bueiningar. Løysing for boss- og brannbil med tilhøyrande vendehammar vil bli løyst i detaljreguleringa, i tråd med tilbakemelding frå Teknisk drift.

## 4. Stipulert auke biltrafikk

Krysset mot fylkesvegen er forkøyrsløst regulert kryss med god sikt i begge retningar, og representerer såleis ikkje spesielle utfordringar i høve trafikkauke ved utbygging av B18.

ÅDT Gamle Vievegen søndre arm i dagens situasjon:  
32 bustader a 4 bilturar per døgn gir ÅDT=128

### Auke i ÅDT søndre arm ved planlagt utbygging:

Over halvparten av dei planlagde bueiningane er små (35 m<sup>2</sup>). Det er flat veg og gangavstand til viktige funksjonar som barnehage, skule, høgskule, arbeidsplassar (sjukehuset og Brulandsvollene) og handel (Brulandsvollene), ca 500 m i luftline. I tillegg er det busstopp i begge retningar på Vievegen rett ved planområdet, der bybussen passerer 1-2 gongar i timen, og ny gang- og sykkelveg langs vestsida av Vievegen er på trappene i regi av Førdepakken. Det ligg såleis særst godt til rette for gang- og sykkeltrafikk til og frå bustadområdet. Med bakgrunn i dette legg vi til grunn ein turproduksjon på 3 bilturar per døgn i snitt.

19 bueiningar a 3 bilturar per døgn (i snitt) gir ÅDT=57

Samla trafikk i ny situasjon blir ÅDT=128+57=185

Auken i trafikk blir såleis  $57/128 \cdot 100 = 45\%$

## **5. Kapasitet**

Gamle Vievegen er nokolunde oversiktleg, og ein trafikkauke på ÅDT=45% i søndre arm, tilsvarer ca 6 bilar ekstra i makstimen, og ein totaltrafikk med ca 1 bil kvart 3. minutt i makstimen. Ein meiner den stipulerte trafikkauken er såpass avgrensa at vegen vil ha kapasitet til ei utbygging som planlagt for B18.

## **6. Trafikktryggleik og avbøtande tiltak**

Ei problemstilling knytt til sikt ligg i krysset der Gamle Vievegen tek av med arm mot sør. Krysset er uregulert og med 30 km/t gir N100 (avsnitt B.2, figur D.6 og Tabell D.3) stoppsikt på 20x20 meter til venstre og 6x20 meter mot høgre. Som avbøtande tiltak foreslår ein å sette opp vikepliktskilt for trafikken frå sør. Siktsonene blir då 6x24 meter og ein oppnår god sikt begge vegar, sjå vedlegg 2.

I tillegg bør ein senke fartgrensa til 30 km/t for heile søndre vegarm. Med 30 km/t og ÅDT<50 i avkøyrslene, blir siktsonene etter N100 (avsnitt B.2, figur D.24 og Tabell D.6) 3x20 meter i avkøyrslene til bustadtomtene. For hovudavkøyrsla til 4-mannsbustadane (gbnr 43/25) blir siktsona 4x20 meter. Vedlegg 2 viser siktsoner basert på dette.

Nokre eigedomar har buskfelt nær vegkant, noko som gir eit visst tap av sikt frå avkøyrslene. I tillegg ser det ut til at utbygginga i Gamle Vievegen 38-68 har etablert grøntrabattar/hekkar i regulert anna vegareal langs vestsida av køyrevegen. Kommunen bør pålegge aktuelle eigarar å klippe hekkar og fjerne vegetasjon som hindrar sikt i avkøyrslene.

## **8. Konklusjon**

Ein meiner den planlagde utbygginga av B18 kan gjennomførast utan omfattande tiltak i og langs Gamle Vievegen. Aktuelle tiltak er skilting for vikeplikt og fartsreduksjon, samt opprydding i eksisterande vegetasjon for å sikre tilstrekkeleg sikt. Det siste tiltaket blir ei sak mellom kommunen og dei aktuelle tomteeigarane, og det er såleis ikkje naturleg å legge føringar for dette i detaljreguleringa.

Med avgrensa tal avkøyrslar, låg fart og nokolunde oversiktlege tilhøve meiner ein at trafikktryggleiken vil bli ivareteken ved gjennomføring av avbøtande tiltak som skissert.

Ein ønskjer å legge ovanforståande til grunn i detaljregulering for B18 Gamle Vievegen, og sidan vegtilkomst via Gamle Vievegen er avgjerande for om utbygging av område B18 kan finne stad, ber ein om avklaring på dette no i tidleg fase av planarbeidet.

Vedlegg:

- 1) Teikningar Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS, 09.02.2021
- 2) Gamle Vievegen siktsoner 30 km/t, Flataker Landskap 19.04.2021